



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 01.03.2016
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Asbjørn Moltudal	Rådgevar OS 29/16
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef OS 30/16

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
OS 28/16	Høgskulen i Volda - nybygg for mediefag – programprosjekt
PS 39/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 40/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 41/16	Ørsta/Volda Lufthamn - Søknad frå Avinor AS om kjøp av kommunal grunn
PS 42/16	Orienteringssaker
OS 30/16	Skuleskyss
OS 31/16	Byggetiltak på Rotset
OS 29/16	Kommunereform

OS 28/16 Høgskulen i Volda - nybygg for mediefag - programprosjekt

Johann Roppen og Jacob Kjøde jr. frå Høgskulen i Volda, orienterte om programprosjektet nybygg for mediefag.

PS 39/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Dokument utsendt 29.02.2016:

OS 29/16 Kommunereform:

- Volda-Ørsta kommune – Utkast til intensjonsavtale
- Økonominotat
- Referat leiargruppene 03.02.2016

Sakliste:

Odd A. Folkestad kom med framlegg om å sette byggetiltak på Rotset på saklista.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg frå Odd A. Folkestad, vart samrøystes godkjent.

PS 40/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Odd A. Folkestad kom med slik merknad til protokollen i sak OS 23/16 Vikeneskaia:

Ber om at administrasjonen legg fram ei sak om dette.

Røysting:

Protokollen frå sist møte, 23.02.2015, vart godkjent med merknad frå Odd A. Folkestad.

PS 41/16 Ørsta/Volda Lufthamn - Søknad frå Avinor AS om kjøp av kommunal grunn

Administrasjonen si tilråding:

Avtale mellom Avinor AS og Volda og Ørsta kommuner vedkomande erverv av grunn frå gnr. 52 bnr. 52, rett til å ha ståande gjerde på gnr, 52 bnr. 52 og rett til å ha innflygingslys på gnr. 56 bnr. 13 vert godkjent som den ligg føre som vedlegg 1 i denne saka.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 01.03.2016:

Avtale mellom Avinor AS og Volda og Ørsta kommuner vedkomande erverv av grunn frå gnr. 52 bnr. 52, rett til å ha ståande gjerde på gnr, 52 bnr. 52 og rett til å ha innflygingslys på gnr. 56 bnr. 13 vert godkjent som den ligg føre som vedlegg 1 i denne saka.

PS 42/16 Orienteringssaker

OS 30/16 Skuleskyss

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvoll orienterte om skuleskyssordninga i kommunen.

OS 31/16 Byggetiltak på Rotset

Odd A. Folkestad viste til orienteringssak OS 27/16, handsama i sist møte i formannskapet. Folkestad ynskjer at Volda kommune tek kontakt med Rotset grendautval og orienterar om saka. Ordføraren informerte om at klage i saka, skal handsamast i forvaltningsstyret og at ordføraren vil følge opp saka.

OS 29/16 Kommunereform

Handsaming:

Dokument utsendt 29.02.2016:

- Volda-Ørsta kommune – Utkast til intensjonsavtale
- Økonominotat
- Referat leiargruppene 03.02.2016

Ordføraren orienterte om status for kommunereforma og vidare framdrift i kommunereformprosessen.

Rådmannen orienterte om utkast til intensjonsavtale. Rådgjevar Asbjørn Moltudal orienterte om økonominotatet. Formannskapet kom med merkander/innspel til orienteringa.

Møtet slutt 16:20

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
02.03.2016

Sonja Håvik
konsulent